

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gir slikt svar:

«Noralv Distad viser til at jord- og snøskred har ført til stengde vegar og isolerte bygder dei siste månadane, og at fleire vegar er stengt på grunn av rasfare. Stengingane medfører negative konsekvensar for innbyggjarar og næringsliv. Distad viser til at kommunar i dag har etablert skysstilbod ved hendingar med stengde vegar og har teke opp spørsmål om finansiering av skysstilboden.

I sin interpellasjon spør Distad om fylkesordføraren vil ta initiativ til å etablere rutetilbod til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar.

Fylkesordføraren meiner at Distad tek opp ei viktig problemstilling i sin interpellasjon. Ansvaret for å etablere eit skysstilbod til innbyggjarar og næringsliv som vert råka av stengde vegar ligg i grenselandet mellom kommunalt og fylkeskommunalt beredskapsansvar. Fylkesordføraren vil gje honnør til dei kommunane, som i vinter har handla raskt med å setja inn båtruter. Fylkeskommunen bør laga rutiner for samspel med kommunar og iverksetjing av rutetilbod ved ras og stengde vegar.

Administrasjonen vil komme tilbake med ei sak som tek opp denne problemstillinga.»